

Møtereferat frå styremøte nr.1 2018

Dato: 02. februar

Tid: 12.30 – 16.00

Stad: Kunnskapspark – bygget ved NTNU, Ørnetua i 3 etasje

Desse møtte:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda Kommune
Styremedlem Lena Landsverk Sunde , Sunde kommune
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

Varamedlemmer:

Jørgen Amdam, Volda kommune
Geir Inge Lien, Vestnes kommune
May Helen Molvær, Sykkylven kommune

Forfall:

Marit Larssen, Giske kommune
Arnulf Goksøy, Herøy kommune
Wenche Solheim, Ørsta kommune
Vebjørn Krogsæter, Haram Kommune

Frå adm. møtte:

Dagleg leiar, Jan Kåre Aurdal
Kontormedarbeidar, Linn Cesilie Fosse
Prosjektleiar Energieffektivisering, Einar Haram
Utviklingsrettleiar, Torunn Måseide
Pedagogisk koordinator, Nils Magne Abelseth

Sak 1/2018: Godkjenning av innkallinga.

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Innkallinga vart godkjent.

Sak 2/2018: Godkjenning av referat frå forrige styremøte nr.6- 10.11 2017

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referat frå styremøte 10.11.2017 vart godkjend.

Sak 3/2018: Orientering/status av prosjekta i regi av Sunnmøre Regionråd

Ved Nils Magne Abelseth, Torunn Måseide og Einar Haram

Nils Magne Abelseth –

- Frå 1. oktober 2014 vart Nils Magne Abelseth tilsett som pedagogisk koordinator i Sunnmøre regionråd Oppvekst.
- Nordre Sunnmøre kompetanseregion vart etablert 16.11.2005 for å styrkje samarbeidet mellom kommunane i regionen. Det vart eit fruktbart og godt samarbeid som vart utvikla vidare inn i ÅRU og no Sunnmøre regionråd IKS.
- Kommunane, Fylkesmannen, næringslivet og andre aktørar har knytt seg til Sunnmøre regionråd i samarbeid på svært mange område og behovet for endå meir samarbeid er aukande med nye satsingar på kompetanseheving.
- Arbeidsutvalsmøter - kommunalsjefar, einingsleiarar, rådgjevarar og organisasjonar i kommunane for barnehage og skule, 6-8 samlingar for året.
- Nettverkssamlingar - kommunalsjefar, einingsleiarar, rådgjevarar og organisasjonar i kommunane for barnehage og skule, 6 samlingar for året.
- Pedagogisk koordinator er den som kallar inn til møta og har eit overordna ansvar for å følgje opp saker som er aktuelle etter avtale med arbeidsutvala og nettverka

Næringsliv:

- Samarbeid med Ungt Entreprenørskap - Møre og Romsdal, avdeling Sunnmøre
- Ansvar for forarbeid og gjennomføring av Innovasjonscampfinale for heile regionen på Parken kulturhus i juni kvart år
- Samarbeid med Maritimt Forum Nordvest
- Karrieredag, bidreg med innkalling og informasjon ut til skulane. Både barnehage og skule er med på sjølve dagen
- Kontakt med næringsliv, NHO, Mafoss, Opplæringskontor, Rådgjevartenesta, etc.
- Samarbeid med rådgjevarar i grunnskulen
- Utdanningsmesse: Vise muligheter i regionen

Torunn Måseide-

Støtte arbeidet i kommunane for at skuleeigar og rektor skal lykkast med den lokale skuleutviklinga:

- å bidra til å utvikle skulane som lærande organisasjonar.
- å analysere skulen sin kompetanse og utviklingsbehov.
- å etablere gode arenaer for kompetanse - og erfaringsdeling på og mellom skular.
- bruke av tilgjengelig støtte- og rettleiingsmateriell.
- å organisere og legge til rette for skulane sin bruk av ressurslærarar.
- Å legge til rette for lokale nettverk, samordne tiltaka innanfor skuleutvikling og bidra til ein god dialog med alle aktørar innan satsinga.

Einar Haram-

Mål for prosjektet:

- Realisere vedtatte mål i Energi- og klimaplanene.
- Innføre energiledelse og EOS. SD-anlegg, kursing og sertifisering av driftspersonellet.

- Investere i SD-anlegg, energisparende tiltak i anlegg og bygninger for å oppnå målene.
- Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med.
- minimum 25 % i forhold til 2009 nivået innan 2017.
- Dvs. ca 28 mill kwh

Resultatet:

- Energiledelse er innført i nokre kommunar
- Oppgradering av gatelys i 15 kommuner i regi av SR. Ålesund og Volda som ikke er ferdig.
- Energimerking ca 300000 m²
- Energikartlegging ca 300000 m²

Sjå vedlagte presentasjonar.

Sak 4/2018: Oppnemning av representant til Forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen.

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Fylkesstyret i KS har handsama sak 17/27 oppnemning av KS- representant til samansetting av forhandlingsutval for revisjon av samhandlingsavtalen i møte den 30. november og fått følgande vedtak:

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal oppnemner styremedlem Svein Rune Johannessen som KS-representant i forhandlingsutval for revisjon av samhandlingsavtalen.

Styremedlem Sidsel Rykhus er oppnemnd som vararepresentant.

KS oppmodar regionråda til å velje sine representantar.

Styret i SR må velje ein representant samt vararepresentant.

Det vart oppnemnt samrøystes ein representant for Søre-Sunnmøre, Inger Lise Kaldhol som er kommuneoverlege i Ulstein.

Kjem tilbake til representant for Nordre-Sunnmøre.

Sak 5/2018: Møreaksen – val av trase.

Innleiing ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre Regionråd (SR) er kjend med at 10 ordførarar var samla til møte den 9. januar for å drøfte denne saka.

I dette møtet la ordførarane fram sine synspunkt på dei alternative traséane, der det var einigheit om å oppsummere desse synspunkta i eit notat som ligg ved sakspapira når høyringsuttale om E 39 Digernes - Vik skal handsamast i dei ulike kommunane på Sunnmøre.

Då sikrar ein at alternativa vert gjort kjende for alle kommunane.

Denne saka er nok også aktuell for langt fleire kommunar enn dei som deltok på møtet. Grunnen til at saka vert sett opp på styremøtet den 2. februar er blant anna om SR skal sende høyringssvar og sjølvsgt for at styret får høve til å drøfte saka.

Høyringsfristen er 28. februar.

Vi ser av referatet frå møtet at det er einigheit om ein del, medan det er ulike synspunkt på andre sider av saka.

K2 er den traseen dei fleste kommunar stiller seg bak.

Det er satt av 8 milliardar kroner til prosjektet.

Styret ber administrasjonen i Sunnmøre Regionråd å skrive eit kortfatta men konkret høyringssvar der ein presiserer at oppstart skal skje samtidig på begge sider av Romsdalen.

Sak 6/2018: Orienteringssak, Innovasjon Norge til Ålesund.

Orientering ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre Regionråd skal følgje opp saka vidare, å vere i beredskap.

NHO hadde møte om det først.

Dette vil bety fleire statlege arbeidsplassar for Sunnmøre.

Næringslivet vil jobbe tett opp mot Innovasjon Norge.

Halvparten av aktiviteten i Innovasjon Norge skal gå gjennom kommunane.

Sak 7/2018: Initiativ til/ forespørsel om interesse for å styrke den kommunale delen av samhandlingen med Helse Møre og Romsdal. Hendvendelse frå Kristiansund kommune.

Innleiing ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Bistå samhandlingssjefen.

Det er konflikt mellom regionane, kommunane må gå saman om å bli einige om helseforetaket.

- Preget av mistillit

Styret blei einige om at det er litt dårleg timing.
Samtidig skal vi vere positive til å delta i eit møte.

Sak 8/2018 Soningscenter på Sunnmøre

Innleiing ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Vi må få planleggingsmidlane revidert.
Sylvi Listhaug er bunde til KBV avtalen, og kan ikkje endre det.

Men vi kan begynne å jobbe med teikningane, som vi har blitt einige kommunane i mellom.

Vi har fått ei politisk forankring her på Sunnmøre.
Vi har bedt departementet og Stortinget om 10 millionar kroner i planlegging.

Tomta er no byggeklar.
Styret meiner at arbeidsgruppa arbeider vidare med saken.

Sak 9/2018: Orientering om etablering av Utviklingsforum for Ålesund Lufthamn, Vigra AS

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Saka vert lagt fram for representantskapet 07.03.2018.

Styret påpeikar at sterkare argumentasjon for næringslivet må kome sterkare fram.

Sak 10 /2018: Representantskapsmøte 02.03

Orientering ved varaordførar Tore Johan Øvstebø

Representantskapsmøte den 02.03.2018 vert av praktiske årsaker flytta til 07.03.2018.

Ref.

Linn Cesilie Fosse